
**Sett under ett –
Ny struktur for høyere utdanning**

**Høringsuttale frå
Norsk Studentunion**

Innleiing

Norsk Studentunion (NSU) vil takke for høve til å komma med høyringsuttale til NOU 2008:3 "Sett under ett – Ny struktur for høyere utdanning". NSU ser at utgreiinga får mykje å seia for studentane sin studiekvardag. Difor oppmodar me departementet om å legge vekt på studentorganisasjonane sine innspel.

NSU meiner det er overordna at utdanning bygger på prinsippa om at alle skal kunne studere med bakgrunn i ferdigheiter og innsatsvilje utan omsyn til økonomisk eller sosial bakgrunn. Tilgangen til utdanning skal heller ikkje påverkast av eller sjåast i samband med etnisk bakgrunn eller den einskildes fysiske funksjonstilstand. Kvaliteten og effektiviteten på utdanning og forskning skal alltid vera overordna, når strukturen på norsk høgare utdanning leggast, så sant dette ikkje går ut over gratisprinsippet.

NSU erkjenner at høgare utdanning i Noreg står framfor utfordringar på mange plan. Faktorar som tilgang på kompetent arbeidskraft, internasjonalisering og rekruttering av framragande forskarar, er nokon av dei sentrale utfordringane me kan vente oss. Me er avhengige av ein mangfaldig høgare utdanningssektor med arbeidsdeling på institusjonars storleik, organisering og formål, for å dekke dei behov me har som samfunn i dag og for kommande generasjonar.

Oppbygginga av fagmiljø, universitetsambisjonar, og framragande forskning, legg alle flittige og framragande studentar til grunn for sine visjonar, draumar og ynskjer. NSU meiner at studenten må settast i fokus, dersom sektoren skal klare å møte utfordringane.

Kap 2-5: Utvalets analyse av utfordringar og utviklingstrekk i norsk høgare utdanning

NSU er einig med utvalet i situasjonsbeskrivinga for norsk høgare utdanning. Ho gjev eit godt bilete av dagens situasjon og kva det vil føre til dersom rammevilkåra ikkje vert justert. NSU er skeptiske til er at utvalet har lagt til grunn at ein ikkje kan snu dagens utvikling, og at det er umogeleg å gå tilbake til ein situasjon med eit klart sektorskilje. NSU meiner at eit sektorskilje er nødvendig, og beskriv dette inngåande i høyringssvaret.

Noreg skal i løpet av dei næraste tiåra utvikle seg til å bli ein kunnskapsnasjon. I dag er landets økonomi i stor grad styrt av eksport av råvarer som olje, gass, fisk og andre naturressursar. I framtida ynskjer ein at Noreg skal hevde seg i den globale økonomien gjennom befolkningas kunnskap og kompetanse. Dette sett store krav til norsk høgare utdanning og forskning, og fordrar ei storstilt satsing på feltet framover. Dersom Noreg skal kunne oppnå målet om å være ein kunnskapsnasjon fordrar det at høgare utdanning er tilgjengeleg for alle.

Målet om livslang læring er godt forankra i politiske miljø, næringsliv og samfunnet elles. Dersom dette skal bli ein realitet må institusjonane tilpasse studieløp og tilby enkeltkurs i langt større grad enn dei gjer i dag. Dette vil gjera at institusjonane vil ha behov for ein større vitenskapelig stab og meir ressursar i åra framover.

Noreg har store demografiske utfordringar i åra som kjem. Utvalet peikar på svingingar i ungdomskulla, men at det kan vera vanskeleg å estimere kor mange studentar det vil vera om 20 år. NSU meiner at det er avgjerande at ein har eit høgare utdanningssystem som kan

handtere det som til ei kvar tid er samfunnets ynskjer og behov. Ei av dei store utfordringane i dag er underdekninga av stipendiatar. Dette kjem av eit omfattande føreståande generasjonsskifte i forskarstaben ved høgre utdanningsinstitusjonar, samt stort fråfald blant stipendiatar og ynskja om auka forskingsinnsats i Noreg.

NSU:

- Sluttar seg i all hovudsak til situasjonsframstillinga utvalet legg fram og dei utfordringane som utvalet skisserer.

Kap. 6: Institusjonsstruktur

NSU er svært negativ til tvungen samanslåing uavhengig av metoden for dette. Me meiner det vil vera uheldig då det vil skapa ein einsarta høgare utdanningssektor. NSU meiner det er viktig å ta vare på dagens mangfald av institusjonar og institusjonstypar.

Det å nytte seg av tvang for å få nokon til å arbeide saman, lever aldri opp til intensjonane. NSU er meir på linje med utvalet sit mindretal, som ikkje ser at det er nødvendig per dags dato med ein stor strukturreform, slik fleirtalet foreslår. Som det kjem fram av kapittel 8, meiner NSU at det framleis skal vera eit sektorskilje.

NSU ser at det er ein teoretisk skilnad mellom utvalets endelege modell der ein skal ha samanslåingar på bakgrunn av faglege fellestrekk, og at kvar av dei nye institusjonane skal ha ein profil og at samanslåingane skal vera reint regionalt bestemte. Ut ifrå forslaget til utvalet kan me ikkje sjå at det skal koma midlar til ei stor stilt samlokalisering av institusjonar ved ei samanslåing, slik at den praktiske skilnaden vert liten. Dette er noko som talar for at det ikkje er den store skilnaden på dei to modellane.

NSU ser det som positivt at utvalet peikar på at det er ynskjeleg med meir samarbeid i sektoren. Dersom ein får meir samarbeid vil det verta lettare å koordinere forskingsarbeid, slik at det vert mindre dobbeltarbeid. Ei av utfordringane for å få til meir samarbeid er, som utvalet peikar på, at dagens finansieringssystem er svært konkurransedrivande og manglar intensiv til samarbeid. Det er såleis viktig at ein gjer det positivt og interessant for institusjonane å samarbeide i større grad enn i dag. Samarbeid mellom institusjonane er i alt for stor grad avhengig av enkeltpersonar og faggrupper. Det er ofte slik at når initiativtakaren til samarbeidet sluttar, opphøyrer samarbeidet kort tid etter.

Det må leggest til rette for å bevare institusjonar som er "sterkast" på sitt felt som spesialisera universitet, til dømes Norges Idrettshøgskole, Norges Musikkhøgskole og Norges Handelshøgskole. Desse institusjonane må kunne dyrke sin eigenart og styrke sin internasjonale posisjon gjennom å være "best" på sitt felt i ein internasjonal konkurranse. Ei kritisk masse på 5000 studentar er eit konstruert tal som ikkje har rot i kva som faktisk må til for ha sterke fag-, undervisnings- og forskingsmiljø.

NSU:

- Meiner at frivillig samarbeid basert på faglige vurderingar vil vera meir hensiktsmessig, og at det derfor er behov for auka insentiv for samarbeid mellom institusjonane.
- Meiner at et lettare samarbeid mellom institusjonane er essensielt, uavhengig av ei eventuell samanslåingsprosess.

Kap. 7: Styring og leiing i norsk høgare utdanning

I norsk høgare utdanning er det lang tradisjon for at institusjonane er autonome og styrer si eiga verksemd. Dette er ei ordning som gjev fagleg varierte og sterke institusjonar og som me ynskjer å oppretthalde. Dagens institusjonar representerer eit mangfald innan storleik, fagleg verksemd og samfunnsmessig oppdrag. Institusjonane sjølve ynskjer også denne valfridommen.

Institusjonane sine ulike ynskjer i leiingsform er ein refleksjon av deira ulike behov for leiarskap. NSU meiner at ein møter dette behovet best mogleg gjennom å la institusjonane sjølve vel kva leiingsform ein skal ha internt, avhengig av eige behov. NSU er negativ til at enkelte grupper i styret skal ha reint fleirtal.

Kunnskapssektoren er under aukande press og dette medfører større krav til institusjonsleiinga. NSU meiner at institusjonane skal styrast med sterk demokratisk deltaking frå både tilsette og studentar. Det føreset at studentar blir høyrd i alle vedtaksføre og førebuande utval. Etter innføringa av Kvalitetsreformen og den nye UH-lova, har institusjonane i større grad tatt i bruk ulike førebuande utval. Desse utvala har ikkje myndigheit til å ta avgjerer, men legg sterke føringar for vedtaka som vært gjort. Ettersom desse utvala ikkje skal fatte noko vedtak, er det ikkje påkravd at det skal sitja studentar i utvalet. Når så utvalets premissgjevande forslag blir framsett i eit vedtaksført organ, er ofte diskusjonen over, og studentane har vanskar med å påverke utfallet i stemmegjevinga. Dette gjer at studentanes medverking ikkje er reell, og går på tvers av intensjonane bak UH-lova.

NSU:

- Meiner at institusjonane skal ha innverknad over kven dei ynskjer i styret og at både offentlig og privat sektor skal vera representert.

Kap. 8: Kriterium for akkreditering som universitet

Debattane omkring institusjonsakkreditering har i stor grad blitt ein namnedebatt utan nødvendig fokus på nasjonale behov og faglig kvalitet.

NSU meiner at premissane Stjernø-utvalet legg til grunn for spørsmålet om akkreditering av institusjonar, ikkje nødvendigvis er gitt. Utvalet meiner arbeidsdelinga mellom universitet og høgskular allereie er broten ned, og at det ikkje lenger er eit reelt spørsmål om arbeidsdeling mellom universitet og høgskular. NSU motset seg ei slik verkelegheitsbeskriving, og vil peike på at det i Noreg er store forskjellar mht institusjonanes disponible midlar til forskning, delen doktorgradskompetanse blant vitskapeleg tilsett, og institusjonanes breidde i forskarutdanning og fagmiljø.

NSU meiner at dagens krav til akkreditering må handhevast strengare, og at ein bør vurdere å stramme inn kriteria for akkreditering ytterligare. NSU meiner særlig at tolkinga av "stabil" må bli klarere. NSU meiner at dette har blitt tolka for ope, og blitt lagt for lite vekt på. I ein akkrediteringsprosess er det også viktig å auke fokuset på institusjonanes arbeid for å sikre studentane sine velferdstilbod, med omsyn til barnehageplassar, bustader og treningsmoglegheiter.

Når me på ny skal ta stilling til behovet for ein arbeidsdela sektor og kvitte oss med det tradisjonelle universitetsomgrepet, krev det også at me tør å vera nytenkjande. NSU ynskjer å

stille spørsmålsteikn ved om det å ha forskarutdanning kan klassifisere ein institusjon som universitet.

Kriterium

NSU er ueinig i utvalets forslag om at eit gitt studenttal bør ligge til grunn for institusjonsakkreditering. Tal studentar seier ingenting om kvaliteten på fagmiljøet. Tvert i mot meiner NSU at dette er bruk av kvantitative mål på noko som krev kvalitativ vurdering.

Stabilitet er grunnleggjande for å sikre ei god forskarrekruttering og forskarutdanning. Eit mogeleg kvalitativtkrav kan vera å så på gjennomføringstida og tal uteksaminerte kandidatar frå mastergrader og/eller forskarutdanninga frå dei ulike forskarutdanningane. Dette vil gje eit bilete av kor stabilt rekrutteringspotensialet frå dei ulike faga er, med tanke på fagmiljøas storleik og framtid.

Det er viktig at stipendiatane arbeider i eit kunnskapsrikt og sterkt fagmiljø. Det er store forskjellar mellom ein doktorgradsstipendiat som arbeider i eit fagmiljø der 20 % av det vitenskapelige personalet har doktorgradskompetanse, mot 80 % på andre institusjonar. NSU meiner at dette må vektleggast i utforminga av organiseringa av høgare utdanning med tanke på arbeidsdeling og fordeling av stipendiatstillingar.

NSU meiner at det bør vera ein skilnad mellom universitet og høgskular når det kjem til fystekompetanse. I dag er skilnadane mellom universitet og høgskular betydelege men ein har i seinare tid sett ei utvikling der dette skiljet vert mindre. NSU etterlyser såleis eit klarare krav til fystekompetanse ved universiteta og meiner at dette må vera på minimum 50% av dei vitenskapleg tilsette.

NSU meiner at det beste enkelstående tiltaket for rekruttering til forskning er å stimulere til fagleg interesse hjå studentane, som vekkjer fagleg motivasjon. For dei tradisjonelle disiplinutdanningane er det viktig å vidareutvikle kontaktflata mellom forskning og utdanningsverksemda, alt tideleg i bachelorgraden. For at dette skal vera mogeleg, er me avhengige av sterke og robuste fagmiljø ved institusjonane som gjev forskingsbasert undervisning. Vitskapeleg tilsette må bruke studentar i forskingsprosjekt og følgje opp studentane i deira arbeid i studiet. Dersom Stjernø-utvalets forslag om akkrediteringsregler blir vedteke, er NSU bekymra for at kontakten mellom utdannings- og forskingsverksemda i disiplin fag blir svekka. Ved å vidareføre ei arbeidsdeling vil ein i stor grad ressursmessig bli i stand til å skape fleire arenaer mellom forskning og utdanning, samtidig som at vitskapeleg tilsette kan motivere og engasjere studentar i faget.

Europa etter Bologna-prosessen ber preg av omlegging og overføring av myndigheit til kvalitetssikringsorgan som for eksempel NOKUT. Noreg har i særleg grad etablert ein praksis om også å overføre institusjonsakkrediteringa til ein uavhengig kvalitetssikrar. Dette er ikkje samsvarande med den generelle tendensen i Europa, der dei akademiske miljøa i stor grad støttar at institusjonsakkreditering skal vera gjenstand for ei politisk avgjere hjå folkevalte.

NSU meiner det er på tide at utdanningssektoren debatterer om institusjonsakkreditering i praksis skal avgjerast av Regjeringa, eller om sedvane frå dagens system med gjeldande innstilling frå NOKUT blir vedtatt. Dette kan betre ivareta det nasjonale perspektivet på høgare utdanningsinstitusjonar, samt utsette ei slik vurdering for skjønn. På den andre sida er

folkevalte, og særlig Regjeringa, utsett for populært press som ikkje nødvendigvis legg faglege omsyn til grunn.

NSU meiner akkrediteringsreglene i dag fungerer på ein måte som premierar ein god høgskule med universitetstittel. Det er ikkje gjeve at høgskuler og universitet burde ha eit felles sett med suksesskriterium gjennom finansieringssystemet, tildeling av forskingsmidlar og akkrediteringsreglar. NSU meiner ein må utvikle betre insentiv for korleis høgskular kan utviklast til å bli betre innanfor sine områder i forhold til dei mål, tankar og idear me har om kva høgskular skal vera. Utover dette må Regjeringa vurdere om ein i det hele tatt bør opne for fleire universitet i Noreg framover.

NSU:

- Er einig i at dagens kriterium for å akkrediterast som universitet fører til unødvendig akademisk drift ved høgskulane, og at krava bør endrast og skjerpes.
- Meiner at kriteria for å kunne bli akkreditert som universitet må spegle det ein ventar at eit universitet skal produsere, både av uteksaminerte kandidatar og forskning.

Kap. 9: Ei styrka forskarutdanning

NSU stør forslaget om å styrke miljøet rundt stipendiatane, og at ein god måte er å gjere dette ved hjelp av forskarskular. Dei forskarskulane ein har i dag har svært forskjellig struktur og fagleg oppbygging. Det er såleis viktig at ein i framtida og har moglegheit til å tilpasse forskarskulane til tradisjonar, faglege- og lokalebehov.

Etter NSU si meining bør forskarskular ha utgangspunkt i eit universitet, men kan godt ha satellittar i både næringsliv og ved høgskular. Dette vil sikre stipendiatar eit strekt fagmiljø som kan nyttast i samband med arbeidet og læringsprosessen.

NSU meiner at forskarskular er positivt for å betre det arbeidsmiljøet til stipendiatane. Gjennom forskarskular vert den enkelte stipendiat ein del av eit fellesskap. NSU kjenner til fleire døme der stipendiatar føler seg utstøytt og har vanskar med å koma inn i resten av fagmiljøet. Stipendiatar treng difor strukturerte opplegg der ein har felles faglege møteplassar og felles oppgåver. Dette vil gjera det enklare å bli ein del av eit fagmiljø.

For å oppnå ein styrka forskarutdanning trengs tiltak for å betre rekrutteringa. Det hjelper lite å ha den beste utdanninga i verden dersom ein ikkje har nok kvalifisera kandidatar til å fylle plassane. NSU meiner såleis at det er viktig at ein startar tideleg med å motivere studentar til ei forskarkarriere. Eit tiltak NSU er svært positive til er såkalla forskarlinjer. Med forskarlinjer meiner NSU linjer innanfor masterutdanningar eller dei lange profesjonsutdanningane der studentane gjennom eit ekstra år får løn for å delta aktivt i forskning. Arbeidet ein her legg ned kan seinare nyttas i ein ph.d. Erfaringar viser at forskarlinjer er populære blant studentane og at dei bidreg til å styrke søkinga til stipendiatstillingar.

NSU:

- Støtter utvalet i at løyvingane til forskarutdanning og forskarrekruttering bør aukast.

Kap. 10: Finansieringssystemet for universitet og høgskular

NSU stør eit finansieringssystem som baserer seg på utvaltes forslag til tredeling gjennom basisløyving, resultatbasert tildeling og strategiske løyvingar. Me ser på strategiske løyvingar som ein hensiktsmessig måte å leie sektoren på. Dette gjev tydelege rammer om satsingar samtidig som ein ikkje detalj styrer institusjonane.

NSU er positiv til ein reduksjon av den resultatbaserte delen av finansieringssystemet. Me meiner at dagens størrelse på resultatkomponentar har ført til eit for stort konkurransedriv i sektoren. Dette har medført ei beklageleg dreining av fokus mot kvantitet framfor kvalitet. Norske studentar vil ha ei kvalitativt god utdanning, og det er uheldig at institusjonane blir målt og premiært for kvantitet.

Vidare må ein synleggjera kva som ligg i basiskomponenten. I dag er det historiske forhold som ligg til grunn for institusjonanes tildelingar, og NSU meiner at dette må gjerast meir transparent.

NSU er svært positive til den varsla evalueringa av finansieringssystemet i 2009, og vil komma med ytterligare innspel i arbeidet med denne. Det er såleis viktig at ein ikkje tek forhasta grep får denne evalueringa er på plass.

NSU:

- Støtter utvalets forslag om at basiskomponenten bør bli meir gjennomsiiktig.

Kap. 11: Små studiestadar

NSU meiner det kan vera uheldig med ei nedlegging av studiestader då det kan føre til at det vert vanskelegare for folk å ta høgare utdanning. Dagens studentar blir stadig ei meir samansett gruppe og det er såleis viktig at ein har eit utdanningssystem som kan handtere dette. NSU meiner at det er institusjonens kontakt med fagmiljøet rundt seg og kvaliteten på utdanninga som er viktig ikkje storleiken.

NSU stiller spørsmål ved om alle høgare utdanningsinstitusjonar skal ligge på eit internasjonalt nivå. NSU meiner at hovudmålet for norsk høgare utdanning må vera at utdanning skal vera tilgjengeleg for alle. NSU ser at alle utdanningstilbod må vere av høg kvalitet, og deler utvalet si uro for at enkelte utdanningsinstitusjonar kan vera freista til å senke krava til studentane dersom det er lønsamt for institusjonen. NSU er likevel ueinig i at nedlegging av studiestadar er den rette måten å sikre eit godt nok nivå på. Det vil vera meir positivt med andre kvalitetssikringstiltak. Slike tiltak vil og vera positive for alle institusjonane, ikkje berre dei små.

NSU meiner eventuelle nedleggingar er politiske avgjerder. Me meiner at dersom ein slår saman utdanningsinstitusjonane til større einingar, og styra i desse vel å legge ned ein studiestad, kan ikkje politikarane skulde på styra for nedlegginga av den lokale studiesteden. Det er tross alt politikarane som har laga rammevilkåra som styra handlar etter.

NSU:

- Meiner at dersom kvaliteten er høg nok så kan det forsvarast å oppretthalde små, desentraliserte utdanningsinstitusjonar i Noreg.

- Meiner at ei alternativ organisering og konsentrering av fagtilbodet bør vurderast ved enkelte av dei små høgskulane.

Kap. 12: Dimensjonering, arbeidsdeling, og ansvar for små og utsette fag

Som utvalet skriv, er dimensjonering vanskeleg, men det vil nok vera ein føremon å styre retninga på utviklinga. Som me nemner tidlegare i høyringa er det viktig å ha med seg andre vedtak som påverkar den demografiske utviklinga av befolkninga. Etter NSU si meining er det sentralt at akademia skal vera ope for alle, og det bør vera mogeleg å ta ei utdanning ein har interesse for. Dette vil motivera studentar som vert engasjerte og kunnskapsrike arbeidstakarar.

NSU ser at det ikkje alltid vil vera samfunnsøkonomisk å utdanne ubegrensa med kandidatar frå alle studie då ein del studieretningar er svært kostbare. Ein må såleis sjå den faglege dimensjoneringa i lys av kva ein treng i framtida. Som utvalet nemner, er det ikkje lett å styre ungdom i retning av det samfunnet treng berre ved hjelp av tal studietilbod. Det er såleis viktig at ein brukar andre tiltak for å motivere ungdom til å ta studiar som møter samfunnets behov.

NSU ser det som positivt at utvalet foreslår at ein må arbeide for å sikre dei små og smale faga. Fleire av desse er i dag representert ved fleire institusjonar. Det fyrste ein må sikre er at det ved rasjonaliseringar, ikkje fører til at alle som har eit av desse fagfelta, legg det ned samstundes. Det er viktig at institusjonane vert gjevne rammevilkår til å opprett halde eit mangfald av fagmiljø. Det vil vera svært uheldig om Noreg som nasjon misser kompetanse på desse felta. Det vil føre til ei avskalling og einsretting av Noreg som kunnskapsnasjon.

NSU:

- Støtter forslaget om ein prosess for å oppnå klarere fordeling av ansvaret for små og utsette fag. Som ei følgje av dette må det opprettes økonomiske insentiv for denne type samarbeid og arbeidsdeling, samt at dei økonomiske konsekvensane som et nasjonalt ansvar for små og utsette fag inneberer må innlemmast i departementets tildelingar til institusjonane.

Kap. 13: Universitet på internasjonalt nivå?

NSU meiner det er positivt at utvalet anbefaler ei vidareføring og utbygging av ordninga med Sentre for fremragende forskning (SFF). NSU støtter også at SFF bør integrerast mest mogeleg i den ordinære verksemda. Dette gjeld spesielt i samband med undervisning og rettleiingsverksemd, då dette er dei viktigaste formidlingskanalane for forskning.

Etter NSU si meining er det sentralt at dei beste norske fagmiljøa får den støtta dei treng for å hevde seg internasjonalt, og SFF er ein god måte å lyfte desse på. Det er i denne samanhengen også viktig med ein strategi for kva som skal skje med dagens SFF, når dei ikkje lenger har status som SFF. Vidare må ein sørgje for å ta vare på dei forskingsmiljøa som er nest best, slik utvalet også påpeikar, slik at disse også blir i betre stand til å konkurrere om dei internasjonale forskingsmidlane.

I utvalets innstilling saknar NSU fokus på kva dei store, kvalitetstunge institusjonane som allereie ligger i verdstoppen på enkelte områder, kan gjera for å oppretthalde nivået dei har i dag, og kva dei gjer for å heve det ytterligare.

NSU:

- Støtter forslaget om vidareføring av ordninga med SFF, og meiner at alle tilsette ved sentra skal bidra i institusjonen sin undervisnings- og rettleiingsverksemd.

Kap. 14: Styrking av profesjonsutdanningane i høgskulane

NSU ser det som svært positivt at utvalet forslår ei styrking av profesjonsutdanningane og eit solid kompetanselyft for vitskapeleg tilsette ved profesjonsutdanningane. Gjennomgangen av profesjonsutdanningane har vist ein mangel i koplinga mellom teori og praksis, fagmiljø som ikkje har god nok kompetanse til å utvikle sine egne fagfelt, og ei FoU- verksemd som er for låg og som ikkje produserar tilstrekkeleg kunnskap om dei yrkesutfordringane og yrkesfelta som utdanninga skal kvalifisere til.

NSU meiner at det trengs eit krafttak for å auke forskingskompetansen i dei korte profesjonsutdanningane. NSU synest utvalet har gode forslag mht. ein femårsplan for kompetanseheving i de korte profesjonsutdanningane, Sentre for fremragende undervisning og egne sentre for profesjonsutdanning.

NSU ser derimot med undring på utvalets forslag om å avskaffe rammeplanar. Dette går på tvers av planane om eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk som Noreg, gjennom Bologna-prosessen, har forplikta seg til å innføre. Kvalifikasjonsrammeverket har til hensikt å gje ei beskriving av kva slags kunnskapar, ferdigheitar og kompetanse studentane kan forventes å ha etter gjennomført utdanning. NSU er positive til arbeidet, med rammeverk, som endrar fokus på utdanningane frå innsatsfaktor til læringsutbytte. Per i dag har Noreg eit forslag til eit overordna kvalifikasjonsrammeverk, men dersom dette skal oppnå ynskjeleg nytteverdi trengs også fagspesifikke kvalifikasjonsrammeverk. Avstanden frå dagens rammeplanar til fagspesifikke kvalifikasjonsrammeverk er forholdsvis kort, og fagområde som i dag har rammeplanar vil få eit lettare arbeid med å lage fagspesifikke kvalifikasjonsrammeverk.

NSU:

- Delar utvalet si bekymring for kvaliteten i profesjonsutdanningane og støtter utvalet sine forslag til tiltak.

Kap. 15: Sentre for fremragende undervisning

NSU stør utvalets forslag om å opprette Sentre for fremragende undervisning (SFU) og meiner at dette er eit av fleire tiltak som må til for å auke statusen som ligg i det å vera ein god foreleser og formidlar av kunnskap. I høgare utdanning, og spesielt etter Kvalitetsreformen, har ein sett ein tendens til at rolla som kunnskapsformidlar nedvurderast i akademiske miljø. Dette reflekterast i sektorens ordbruk; vitskapeleg tilsette har forskingsrett og undervisningsplikt. Dette er ei utvikling opprettinga av SFU vil kunne motvirke. Det er viktig at SFU blir likestilt med SFF i status og ressursbruk.

NSU meiner at Kunnskapsdepartementet snarast bør få sett i gang ei utgreiing om kva ein vil at SFU skal vera. Ein må sjå på kva slags kriterium som skal ligge til grunn for å få status som SFU, og klargjera kva plass SFU skal ha i norsk høgare utdanning. I arbeidsgruppa som

skal foreta utgreiinga må dei to store nasjonale studentorganisasjonane (Norsk Studentunion og Studentenes Landsforbund) vera representert med éin representant kvar. Arbeidsgruppa bør trekke aktivt på erfaringane frå opprettinga av SFF og frå erfaringar med liknande tiltak i utlandet, for eksempel frå England og Sverige.

NSU:

- Meiner at det er eit stort behov for auka insentiv for undervisningskvalitet.

Kap. 16: Universitetas og høgskulanes regionale betyding

Som tidlegare nemnt er NSU imot store samanslåingar av høgskolar og universitet, og trur ikkje nødvendigvis at store institusjonar samarbeider betre med sin region enn mindre institusjonar. Eit døme på godt samarbeid er Høgskulen i Buskerud si avdeling i Kongsberg, der ingeniørmiljøet har svert god kontakt med dei lokale teknologibedriftene. Det som er ei utfordring med samarbeidet mellom universitet, høgskular og regionar er at samarbeidet ofte er avhengig av enkeltpersonar.

Ei anna utfordring er oppfatninga av at academia skal vera frikopla frå resten av samfunnet. Etter NSU si meining er det ikkje nokon motsetning mellom eit godt samarbeid med miljøa rundt institusjonane og akademisk fridom. Dersom ein skal få til eit betre samarbeid er ein avhengig av å gjera noko med desse gamle haldningane. Noko som kan vera med på å bygge ned desse haldningane, er å ha ein klar og tydeleg rettigheitspolitikk. Det må komme tydeleg fram kven som eig rettane til felles arbeid, og universiteta og høgskulane må ha rett til å bruke resultatane vidare i sitt arbeid.

NSU er einig med utvalet i at det er viktig å halde fram med og utvide ordninga med nærings-ph.d. Når det gjeld forslaget til ein bedriftsmaster er NSU positiv til dette, og viser til NHO og Noregsuniversitets prosjekt om lærlingordning i høgare utdanning. Ein av desse pilotane finn ein ved Høgskulen i Buskerud¹.

Når det gjeld arbeidsdeling mellom universiteta og høgskulane ser NSU det som naturleg at universiteta har eit meir nasjonalt ansvar, mens høgskulane hovudsakeleg er ansvarlege regionalt.

NSU:

- Ser det som ein del av universiteta og høgskulane sitt samfunnsansvar å ha god kontakt og samhandling med lokalt og regionalt næringsliv og samfunnsnivå, og at dette er særleg viktig for å styrka innovasjon og nyskaping.
- Støtter forslaget om å utvikle ordninga med nærings ph.d

Kap. 17: Internasjonalisering i høgare utdanning

NSU ser på internasjonalisering som viktig for norsk høgare utdanning, og er einig med utvalet i at internasjonalisering må gjevast større merksemd i norsk høgare utdanning. NSU stør forslaget om å styrke løyvingane til internasjonalisering for å møtekomma krava om auka internasjonalisering som institusjonane blir stilt overfor.

Tilrettelegging for utreisande studentar er særleg viktig når me ser at tall studentar som tek delstudiar eller heilgrad i utlandet, er stadig senkande nasjonalt. NSU meiner at det må

¹ http://www.hibu.no/hibu/studietilbud1/ingeniorut/master_i_s/ (20.03.08)

leggast betre til rette for at studentar kan ta heile eller deler av graden sin i utlandet, både gjennom studiefinansiering, studierettleing og gjennom gode rutinar for godkjenning av utdanning frå utlandet. Skulepengar ved mange renommerte universitet er svært høge, og med lånekassens noverande regler kan dette vera eit hinder for mange som ynskjer å ta deler av utdanning si ved ein slik institusjon. Lånekassa har og fjerna tilleggsstipend ved fleire anerkjente universitet, og dette meiner NSU er beklagelig. NSU meiner norske gradestudentar i utlandet for å vera eit gode, og at det er viktig å ha 100 prosent finansiering av skulepengestøtta på både master og bachelor nivå. Samtidig bør det arbeidast for at institusjonane inngår gode samarbeidsavtaler med offentlige universitet i utlandet, slik at norske studentar slepp å betale skulepengar. NSU er likevel tilhenger av prioritering i finansiering av delstudiar i utlandet, om nødvendig til fordel for finansiering av gradsstudiar. Finansieringsordninga for universitet og vitskapelege høgskular må gje eit udelt insentiv for institusjonane til å sende studentar frå seg på deltidstudiar i utlandet.

Eit breitt spekter av utvekslingsavtaler er viktig for at studentar skal nytte seg av retten til utanlandsopphald. Særleg bør det satsast på å inngå avtaler med lærestadar i land utanfor OECD-området. Avtalene må bygge på reell og gjensidig utveksling, og det faglege utbyttet for studenten må prioriterast. Informasjonen om mogelegheitene for utveksling må styrkjast. Dette må skje på alle nivå, men særleg gjennom dei vitskapelege tilsette. For å sikre at talet utreisende studentar aukar må kvar administrative eining (f. eks. fakultet og institutt) ha minst ein tilsett med særleg ansvar for internasjonalisering.

I evalueringa av Kvalitetsreformen om internasjonalisering² framhevast det at dei administrative og faglege utfordringane i liten grad har vorte løyst i forhold til utveksling. NSU ser eit stort behov for at det iverksettes betre *insentivmidlar* for institusjonane, slik at fokuset på internasjonalisering aukar. Med dagens finansieringssystem får ikkje institusjonane dekket dei reelle kostnadene ved det administrative arbeidet som må gjerast i samband med utveksling. I realiteten gjer dette at institusjonane tapar pengar på sende studentar ut. NSU meiner at beløpet per inn- og utreisende student må aukast. Vidare bør institusjonane få uttelling for eksamenar avlagt i løpet av studieopphald i utlandet, og institusjonane bør gjevast eit økonomisk tilskott per inn- og utreisende vitskapeleg tilsett.

Tilrettelegging for internasjonale studentar er eit viktig aspekt ved mobilitet. NSU meiner at utdanningsinstitusjonane må sjå på heile opphaldet til dei internasjonale studentane og ikkje overlata integreringa til samskipnaden og studentane. Institusjonane må også i større grad satse på ei fagleg integrering av studentane, som vil vera eit viktig bidrag til det sosiale miljøet også utanfor studia.

For å fremje eit internasjonalt studentmiljø, og å tiltrekke seg fleire utanlandske studentar, meiner NSU at det må utviklas fleire fagtilbod på engelsk, og disse faga må vera opne for både norske og internasjonale studentar. Mange vitskapelege tilsette på universitetet og høgskular har svært mangelfull kompetanse i engelsk. Dette forringar kvaliteten på undervisninga, og resulterer i at ein del studentar unngår å velje emne som går på engelsk. For å styrke språkkunnskapane til vitskapelege tilsette bør engelskkurs innførast som ein del av den pedagogiske basisopplæringa og bør også vera tilbod til alle vitskapeleg tilsette. Nasjonale myndigheiter må også legge forholde til rette for at undervisningsinstitusjonane også kan knytte til seg utanlandske forelesarar. Dette skal ikkje gå utover kvaliteten på undervisning og faglig innhald.

² Evaluering av Kvalitetsreformen, delrapport 8, Tor Halvorsen og Reidun Faye: *Internasjonalisering* (2006).

Utdanning er viktig for å utjamne forskjellar og såleis god bistandspolitikk. NSU stør ordningar som er med på å styrke utdanning og forskning i utviklingsland, og som utviklar og skaper arbeidsplassar i privat og offentlig sektor. NSU ser at det er viktig at ordningar som NOMA (tidleggare stipendprogrammet) og NUFU (Nasjonalt program for forskning og utdanning) programmet utvidast, og vidareførast. NSU ynskjer at det også i framtida arbeidast nasjonalt med å auke talet kvoteplasser på norske universitetet.

Eit anna viktig element er oppfølginga av det tredela gradssystemet, der grader er mogleg å samanlikne mellom landa. NSU ser på dette som eit svært viktig element for at mobilitet mellom europeiske universitet skal vera mogeleg, men ser og at mykje arbeid står at. Blant anna er ei bevisstgjerjing av kvalifikasjonar etter enda bachelor eit viktig element. Noreg bør arbeide for at karakterane ein oppnår ved høgare utdanningsinstitusjonar kan samanliknast på tvers av landegrenser.

NSU:

- Meiner at det må leggest betre til rette for at studenten kan ta hele eller deler av graden sin i utlandet, både gjennom studiefinansiering, studierettleiing, og gjennom gode rutinar for godkjenning av utdanning frå utlandet.
- Støtter forslaget om å styrke løyvingane til internasjonalisering for å imøtekomme krava om auka internasjonalisering som institusjonane blir stilt ovanfor.
- Meiner at institusjonane i større grad skal utvikle avtaler med utanlandske institusjonar som omfattar både studentmobilitet og forskingssamarbeid.

Kap. 18: Etniske minoritetars deltaking i høgare utdanning

NSU merker seg at inkludering av kjønn, minoritetar og funksjonsnedsette i akademia er framheva i utvalets rapport. NSU er positive til utvalets arbeid mht. desse punkta, og ynskjer å uttrykke støtte til dette.

NSU meiner at det bør være eit mål at deltakinga i høgare utdanning skal reflektere befolkningssamansetninga i samfunnet elles. Minoritetsgrupper representerar ein ressurs som vil vera ei styrking for akademia. NSU meiner at det må arbeidast aktivt for å rekruttere studentar med minoritetsbakgrunn inn i akademia, og er einige med utvalet i at departementet burde pålegge universiteta og høgskulane å utforme ein plan for etnisk likestilling. Det bør særleg iverksettast tiltak for å heve tal søkarar til dei humanistiske og samfunnsvitskapelege faga. Eksemplar på dette kan vera informasjon om arbeidsmogelegheiter etter enda studie, gjerne gjennom kampanjar som er retta mot skuleelevar, integrering og inkludering. I tillegg bør det settast fokus på rekruttering av tospråklige studentar til lærarutdanninga pga det aukande behovet for lærarar med minoritetsbakgrunn i heile utdanningsløpet. Det er også viktig at studentane blir følgd opp, då statistikk viser at ein større prosentdel av studentar med minoritetsbakgrunn fell i frå³.

Mangfald i fokus i akademia - prosjektet ved UiO (MiFA), er eit døme til etterfølging. NSU meiner det bør etablerast eit slikt prosjekt på nasjonalt nivå, og at dette blir etablert ved alle utdanningsinstitusjonar i Noreg. NSU stiller seg positive til etablering av stipendordningar for auka rekruttering av etniske minoritetar på fagfelt der det er svak rekruttering.

For at akademia skal vera tilgjengelig for alle, uavhengig av etnisitet og tru, vil haldningsskapande arbeid vera viktig. NSU meiner at alle utdanningsinstitusjonar har eit

³ Publikasjon frå Institutt for samfunnsforskning: "Søkelys på arbeidsmarkedet" 2/2005 s 177.

ansvar for å drive eit aktivt haldningsarbeid for å skape eit inkluderande akademisk. Universitet og høgskular må arbeide for å forhindre diskriminering av studentar og tilsette, og vera bevisst på at ein slik type mangel av likestilling ofte er basert på etablerte haldningar og uvitskap.

Tiltak for å betre overgangen til arbeidsmarknaden for etniske minoritetar er også viktig, og NSU støttar utvalets forslag om at det bør etablerast eit trainee-program i private og offentlege institusjonar, dei høgare utdanningsinstitusjonane sjølve eller i frivillige organisasjonar som gjev yrkeserfaring og eit betre grunnlag for å søke andre stillingar. NSU vil særleg understreke behovet for at innvandrarak med høgare utdanning kan få supplert si utdanning i Noreg for å få godkjent denne som likeverdig med den tilsvarande norske utdanninga. Gode gratis språktilbod ved utdanningane er også viktig for å kunne bli integrert raskare i det norske samfunnet.

I tillegg til norsk og engelsk har fleire bachelor- og masterutdanningar pensum på andre skandinavisk språk. Etnisk norske studentar er vant til skandinaviske språk, medan studentar med minoritetsbakgrunn ofte oppfattar svensk og dansk som helt nye språk. Dette er utfordringar som institusjonane må ta tak i og finne gode tiltak for å løyse.

NSU meiner at utvalet har lagt for liten vekt på vitenskaplege tilsette med minoritetsbakgrunn. For å auke bevisstheita rundt det fleirkulturelle perspektivet i utdanningssektoren, er det viktig å tilsette fleire med minoritetsbakgrunn. Samtidig vil dei fungere som rollemodellar og motivasjonsfaktorar for studentar med minoritetsbakgrunn. NSU meiner institusjonane må setta i gang omfattande informasjons- og rekrutteringskampanjar retta direkte mot personar med minoritetsbakgrunn. Det må komme tydeleg fram at dette er ei ynskt ressursgruppe for utdanningsinstitusjonane. Ein må halde fram med å merke alle stillingsutlysningar med ”Minoritetspersoner oppfordres til å søke”, og dessutan bør ein arbeide for å ha personar med minoritetsbakgrunn i tilsettingskomiteane. Institusjonane må også vurdere å opprette nettverksgrupper og arrangere motivasjonsseminar for tilsette med minoritetsbakgrunn.

NSU:

- Anerkjener utvalet sine utgreiingar og konklusjonar angåande etniske minoritetars tilgang til høgare utdanning.

Kap. 19: Situasjonen for funksjonshemma i høgare utdanning

NSU støtter utvalets beskriving av situasjonen for funksjonshemma i høgare utdanning og forslag til tiltak. NSU vil minne Regjeringa om at delen studentar med funksjonsnedsettingar utgjer om lag 10-15 % av studentmassen⁴.

NSU ynskjer å legge til at tilrettelegging og universell utforming utgjer mykje meir enn eit spørsmål om bygg og anlegg. NSU viser til utvalets forslag om studiestøtte kombinert med offentlege ytingar⁵, og vil be Regjeringa vurdere meir tilpassa låneordningar for studentar med funksjonsnedsettingar. Lånekassas reglar om konverteringsordning bør også klårare frita studentar med funksjonsnedsettingar.

Regjeringa har i statsbudsjettssamanheng tidligare argumentera mot løyvingar til bygg i UH-sektoren. Utvalets forslag omkring universell tilrettelegging forpliktar myndighetene til å

⁴ Lars Grue, Motstand og mestring: Om funksjonshemmede og livsvilkår, NOVA-rapport nr. 1/2001.

⁵ NOU 2008:3 s.181-182

utarbeide planer i arbeidet med å ruste opp og tilpasse universitet og høgskular universelt. Dette har ein klar samanheng med basisløyvingane til institusjonane, der NTNU med særleg ansvar for universell tilrettelegging, måtte kutte i omfanget av tiltak pga kutt i basisløyvinga til institusjonen.

NSU meiner at når det gjeld tiltaka i dette og førre kapittel, bør dei gjennomførast snarast råd, då dei har vore nemnt i samband med fleire andre utredningar. Det er såleis uheldig at ein ikkje har gjennomført desse tidlegare. NSU vonar at ein denne gongen vil gjera noko meir.

Kap. 20: Likestilling

At 60 % av studentane er kvinner, medan 83 % av professorane er menn. Det betyr ikkje at kvinner er mindre eigna til å bli professorar enn menn. NSU er opptekne av problemstillinga om at dei høgare utdanningsinstitusjonar ikkje rekrutterar vitskapeleg personell i stor nok grad frå begge kjønn, og frykter einsidig rekruttering. NSU støtter Stjernø-utvalets forslag til tiltak for å betre kjønnsbalansen, og har i tillegg nokre forslag me ber Regjeringa vurdere nærare:

Mentorordningar og nasjonale forskarskular

Stjernø-utvalet forslår å organisere forskarutdanninga gjennom nasjonale forskarskular. Deira grunngjeving er at det er essensielt at doktorgradsstipendiatane er i eit solid fagmiljø med andre stipendiatar. NSU ber Regjeringa innføre bruk av mentorordningar for kvinnelige stipendiatar for å betre rekrutteringa av kvinner til stipendiatstillingar, korte ned gjennomføringstida og for å redusere fråfallet av kvinnelige doktorgradsstipendiatar.

I rapporten *Forskerrekruttering i Norge – status og komparative perspektiver*⁶ kjem det fram at delen kvinner i post.dok. stillingar har gått ned med 7 % sidan 2003. Det gjelder alle fagområde⁷.

Finansiering av forskingsprosjekt

EU finansierer i dag ei rekke forskingsprosjekt der det berre er kvinner som kan delta. Modellen nemnast som ”Women-only forskingsprosjekt” og forgår i ei rekke EU-land, støtta med EU midlar. NSU ber Regjeringa utgreie høve til slike prosjekt gjennom Norges Forskningsråd og å vurdere om dette er eit hensiktsmessig likestillingstiltak.

Avansementstipend til kvinner

I Sverige gjev det statlige programmet VINNOVA om lag 100 kvinnelige forskarar som disputerer i perioden 2007 – 2014 sjansen til å avansere i academia. Programmet vil finansiere ei halv forskarlønn opp til tre år for kvinnene etter at dei har disputert, under føresetnad at institusjonen kvinnene er tilsette ved gjer det same. VINNOVA satsar opp til 50 mill. svenske kroner kvart år til dette programmet⁸.

NSU ber Regjeringa innføre eit tilsvarande avansementsstipend for kvinnelege forskarar i Noreg som skal disputere i ei gitt tidsramme.

⁶ *Forskerrekruttering i Norge – status og komparative perspektiver*, NIFU STEP, rapport 2/2007

⁷ *Forskerrekruttering i Norge – status og komparative perspektiver*, s. 22

⁸ <http://www.genus.se/Aktuellt/Nyheter/?articleId=673985&language=100000>

NSU:

- Støtter utvalets ønske om stor kjønnsbalanse i academia, både blant studentar og vitskaplig tilsette.
- Støtter utvalets oppmoding til kunnskapsdepartementet om å skaffe kunnskap om årsakene til fråfall blant doktorgradsutdanning, og stimulere til økt gjennomføring både blant kvinner og menn.
- Støtter utvalets forslag om forlenga stipend for kvinner som føder barn i stipendperioden, mentor- og rettleiingsordningar, vikarstipend og sentrale likestillingspotter.

Kap. 21: Eit meir kunnskapsbasert utdannings- og forskingspolitikk

NSU er einig med utvalets uttalar i forhold til å innhente meir kunnskap om sektoren. NSU støtter også at det både er institusjonane og departementet som har ansvar for dette. Vidare meiner vi at utvalets forslag til bruk av midlar er eit minimum, og at det bør brukast langt meir. Når det gjeld kva slags tema som bør undersøkjes meiner NSU at ein ikkje må gløyme studentane og korleis det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet påverkar læringa.

NSU:

- Støtter utvalets påstand om at det er behov for meir kunnskap om og forskning på høgare utdanning, og forslaga til tiltak.
- Understrekar at det må tilføres sektoren tilstrekkelig med friske midlar til dette formålet.

Kap. 22: Økonomiske og administrative konsekvensar

Uansett kva ein vel å gjennomføre er det viktig at ein gjev gode økonomiske vilkår som sikrar at tiltaka vert gjennomført på ein hensiktsmessig god måte. Det er sentralt at midlar for å gjennomføre forslaga må vera friske midlar.

NSU tykkjer det er uheldig at studentvelferdsaspektet ikkje er tatt med i utvalet si innstilling. Studentvelferd er ein viktig del av studentane sitt heilskaplege læringsmiljø, og såleis ein viktig del av norsk høgare utdanning. Konsekvensane for studentvelferda, og samskipnadane i særskilt grad, som følgje av ei eventuell gjennomføring av utvalet sitt forslag, bør utgreiast som sin del av den vidare prosessen. Til dømes dersom ein skal oppretthalde dagens dekningsgrad av studentbustadar må ein også gje tilleggsløyvingar ved eventuelle samanslåingar. Dette vil vera heilt sentral då ein ved samanslåingar vil få ein brå auke i studenttalet, som ein ikkje kan rekne med at den private marknaden kan handtere.

Dersom utvalet sitt forslag om samanslåingar vert gjennomført vil ein få ei stor utfordring i forhold til å oppretthalde velfungerande studentdemokrati. Fleire av dei institusjonane som det kan vera aktuelt å slå saman ligg langt frå kvarandre geografisk. Dette vil gjere det svært dyrt å halde institusjonelle møter. Dagens studentdemokrati har ikkje økonomi til det. Dersom ein ikkje har felles møteplassar, er det utfordrande å få til god samhandling og skape rom for kompromiss. Demokratia vil difor ha behov for midlar til å skape nye møteplassar.

Utvalet legg vekt på auka satsing på internasjonalisering. Ein føresetnad for å lukkast i dette er at det finnes et tilstrekkelig velferdstilbod for dei internasjonale studentane. Særlig er tilgangen på bustader for desse studentane eit aukande problem. For å auke graden av internasjonalisering må ein følgje opp med ei forholdsmessig satsing på velferdstilbodet.

NSU:

- Støtter utvalet i at dersom det skal gjennomføres store strukturelle endringar innanfor norsk høgare utdanning, så må desse endringane følgjast opp med tilstrekkelige omstillingsmidlar.